



Foto: Sven Lie

**HEILE ROANMASSIVET** er dominert av sure og harde bergartar, mest kvarthaldig gneis. Fjellet Stor-Roan er eit typisk isskurt fjell, med ei slak støytside og ei bratt lesida. Då innlandsisen smelta av, trykte han på underlaget frå nordleg kant mot sør. Hovudretningen kan vi sjå på støytsida, der botnen av dei veldige ismassene avsette sigdforma støytmærke og skuringsstriper. På lesida har issprengning brote laus steinblokkar som ligg i ur under den bratte fjellveggen. Det som gjer dette fjellområdet heilt unikt er at vi ved sida av Stor-Roan har eit mindre fjell, Vesle Roan, som ligg parallelt og har tilsvarende form. Den bratte fjellveggen sør aust på Stor-Roan har ei fallhøgde på om lag 250 meter. Gå ikkje for nær utpå stupet!

Kjelde: Vandreruter i Fyresdal, Øyvind Skar

## KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

I EI LINJE frå fjellbarskog til fjellbjørkeskog og snaufjell delar fuglane orrfugl, lirype og fjellrype områda seg imellom.

Foto: Hamish Moore




Foto: Gunhild Momrak

**HEIANE SOM INSPIRASJONSKJELDE** Dei som budde fast i heiane, eller arbeidde der i delar av året, fekk inspirasjon til song, stev, soger, spel og dans. Ungdommen kunne samle seg inne på heiane, og i Fyresdal var det fleire slike samlingsstader. Petter Veum var ein kjend hardingfelespelemann. Han var og driftekar og handla med krøter frå Setesdal, og hadde alltid fela under vesten. Når folk møttest på stølane, marknad, eller i bryllaup var spelet eit viktig kontaktledd. Gjetarane og budeiene lokka på kyrne og ofte hadde dei evna til å brodere ut lakkane til musikalske perler. Fløyte og bukkehorn var dei mest vanlege instrumenta. Bukkehornet skulle og skræme rovdyr.

Kjelde: Hjuringlokk og bjølleljud. Stølsbruket i Fyresdal. Sørnorsk Økosenter Foldasæ AS Finn Audun Grøndal



Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Fyresdal kommune med støtte frå



Layout Nina Åkersveen / trykk Erik Tanche Nilssen as

**PÅ TOPPANE** der snøen blås av, overlever tørkesterke artar som greplyng, rabbesiv og lavartar. Foto: Gunhild Momrak



**MUSEØRE** er ein liten vierart, rekna for verdens minste "tre".

Foto: Gunhild Momrak



## Fyresdal – Telemark TURMÅL Roan TEMA Topptur



Foto: Gunhild Momrak

**VILLREINOMRÅDE:** Reinen i Våmur-Roan stammar frå Setesdal-Austhei. Er du heldig kan du møte ein flokk av desse grasiøse dyra.



# Om turen

**KREVJANDE TUR** med flott utsikt frå toppen. Stor-Roan er Fyresdals nest høgste fjell (1191moh.). I godvær kan ein frå toppen sjå store delar av fjellheimen i Telemark. Frå Bykleheiane og Haukeli i nordvest, kan ein la blikket gli langs søre delen av Hardangervidda mot Gaustatoppen (1883 moh.), og vidare austetter mot Lifjell og nære fjellområde. Frå toppen er det bare om lag 15 km i luftlinje til Lårdal, ned mot Bandak (72 moh.).

**DU STARTAR** med kryssing av elva og vandring i furuskog, vidare gjennom fjellbjørkeskog og opp mot snaufjellet, med ei total stigning på 590 meter. Turen er merka med blått. Jamm stigning, bratt mot toppen. Same stigen ned att.

## Køyreforklaring

Start i Hauggrend, eller fylg Fv. 355 frå Fyresdal sentrum ca 18 km mot Hauggrend.

0,6 Foldsæ

0,6 Roan

0,3 Grendehus

Ta av Fv. 355 ved skilt mot Foldsæ og Roan.  
Fylg skiltinga mot Roan (3,3 km).

Bomveg, hugs å ta med myntar.  
Fylg skilting mot Roan til parkeringsplassen.



Tilrettelagt parkeringsplass i Røyningdalen.  
(GPS: N59°18'30" E08°11'30")

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.  
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.  
Gjer vel, ta med søppel heim. God tur!



**Kart:**  
Fyresdal Aust  
1: 50 000

Kart: AT plan.  
Kjelde: Statens kartverk,  
Geovekst og kommuner

**NB:** Hugs drikke,  
godt fottøy og vindjakke.  
**Høgste punkt:** 1191 moh



**Tilgang:**  
mai til oktober




Foto: Gunhild Momrak

Foto: Sven Lie